



Fyresdal

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR

Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Vår ref.
2025/435-2

Dykkar ref.

Saksbehandlar
Mona Gundersen

Dato
10.04.2025

Anmodning om førehandsuttale - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel fbnr 25/63, Fyresdal

Fyresdal kommune har motteke søknad om dispensasjon frå punkt 1.4 i føresegnene til kommuneplanens arealdel for eigedom 25/63.

1.4 Vatn og avløpsanlegg

Dersom det skal leggst til rette for høg sanitær standard på nye eller eksisterande hytter, må det leggst fram vass og avløpsplan. I tillegg er det krav om reguleringsplan.

Tiltak/grunningjeving

Eigedommen har godkjent gråvassanlegg, men ynskjer å oppgradere til svartvatn. Bakgrunnen er at dagens løysing med forbrenningstoalett ikkje fungerer når hytta er fullt besøkt. Urin lekk ut på golv.

Lokalisering



Eigedomen 25/63 er lokalisert i Kilegrend, mellom Fylkesveg 355 og Drang. I området finnast ytterlegare 5 hytter.

Planstatus

Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF- område. Alle hyttene i område er bygt før gjeldande arealdel er vedteken, 27.11.2014.

Dagens bruk/Historikk

Det er totalt seks etablerte hytter skild ut frå eigedomen 25/4 i området. Alle har etablert åtkomstveg frå Fv 355. Gbnr 25/63 som søker dispensasjon fekk godkjent søknad om utslepp av gråvatn i 2018. Dette vart då vurdert ut i frå forureiningsforskrifta kapittel 12.

I søknaden for gråvassutslepp var det gjort undersøkingar mot dei andre hyttteeigarane om det var fleire som var interessert i innlagt vatn og gråvassutslepp.

Kommunens vurdering

Kommunen stiller seg i utgangspunktet positivt til denne dispensasjonen. Oppgradering til svartvatn vil ta utgangspunkt i eksisterande gråvassanlegg, oppgradere og utvide dette slik at det tilfredstiller krav til svartvatn.

I dette området vil det ikkje bli aktuelt med nye einingar, alle eksisterande hytter har vegadkomst frå Fv 355. Terrenget i området innheld mykje fjell i dagen slik at etablering av felles anlegg uansett vil bli uforholdsmessig dyrt. Naboane er ikkje interessert i ei oppgradering av standard. Vi ser det derfor ikkje som påkrevd å krevje reguleringsplan og VA-plan for heile området.

Tiltaket vil vere plassert på same stad som dagens gråvassanlegg og vurderingar knytt til plassering og jordprøver er gjort i 2018.

Vi ber om førehandsuttale helst innan 30. april pga. skrivefrist 2. mai.

Med venleg helsing

Mona Gundersen
avdelingsingeniør

Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad om dispensasjon - sanitær standard Fjellbu gbnr. 25/63
- 2 Søknad om utsleppsløyve gbnr 25-63